

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 13.07.2015

Vår ref: 2015/2248 - 14727/2015 /

Dykkar ref:

Høyring av forslag til planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft - 2014/17226

Fylkesutvalet vedtok i møte 19.05.2015 at forslag til planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft vert sendt på høyring og offentlig ettersyn i minimum seks veker etter plan- og bygningslova § 4-1 og § 8-3. Høyringsfristen er utvida til 10.08.2015. Planprogrammet skal danne grunnlaget og setje rammer for planprosessen i høve til formål, organisering, medverknad og behov for utgreiingar.

Programmet foreslår tre plantema:

- Dimensjonering
- Endring og omstilling- nye krav til kompetanse
- Utdanningsval og rekruttering

Hordaland fylkeskommune ber om at høyringspartane særleg vurderer formål, plantema og det ein ønskjer å oppnå med planen. På bakgrunn av høyringsinnspela vert det utarbeidd eit endeleg planprogram som vert lagt fram for fylkesutvalet til vedtak.

1. Føremål med planen

Føremålet med planen er å bidra til å sikre robust forsyning av arbeidskraft og farmtidsretta kompetanse til arbeids – og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet. Hovudfokuset vert derfor retta mot samanhengen mellom arbeidsliv og utdanning og utfordringar som har betydning for at arbeidslivet opplever problem med tilgang på tilstrekkeleg og rett kompetanse. Stord kommune meiner det er viktig føremål å avklare kva for utfordringar ein vil rette særleg innsats inn mot, og korleis innsatsen skal vera. I planen vert det viktig å sikre dialog og samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og kommunane i regionen.

2. Plantema

Hovudutfordringa for planen er at deler av offentleg sektor og privat sektor opplever at dei ikkje får tilstrekkeleg arbeidskraft med rett kompetanse. Sentrale spørsmål vert da kvifor det er mangel på denne typen arbeidskraft og kva dei regionale aktørane kan bidra med for å løysa dette problemet. Kva utfordringar som er mest hensiktsmessig å prioritera innfor ressursane til dei regionale aktørane.

I åra fram mot 2035 vil det i kommunesektoren i følgje SSB bli behov for 57 000 fleire fagarbeidarar, 28 000 fleire sjukepleiarar og 6900 lærarårsverk. I Stord kommune er det i dag mest utfordrande å rekruttere ingeniørar til dei tekniske tenestene. Gitt ein forventa befolkningsauke på 14% i perioden er det innafor sektorane barnehage og helse, sosial og omsorg at auke i behov for tilsette er størt og grunnutdanningane må vera dimensjonert ut frå behova i kommunesektoren. Kommunesektoren vil ha utfordringar med å satsa på rekruttering åleine, og må stimulere tilsette til å arbeide meir, satse på innovasjon m.m.

Arbeidsstyrken vert eldre, tilgangen på nyutdanna arbeidskraft vil verta dårlegare, behovet for etter- og vidareutdanning vil auka. Det vert vanskelegare å skaffe ny kompetanse ved ny rekruttering. Kompetanseutvikling av eksisterande arbeidskraft vil dermed bli stadig viktigare. Stord kommune har i 2014 starta planlegging i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune og KLP om å kvalifisere vaksne/utdanna eigne helsefagarbeidarar. Tiltaket skal bidra til god rekruttering i pleie- og omsorgstenestene i høve til helsefagarbeidarar, auka kompetanse skal gjere kommunen betre rusta til å møte brukarane sine behov i pleie- og omsorgssektoren. Kommunen har og behov for meir spesialisert kompetanse ut frå Kompetanseløftet 2015 og Samhandlingsreforma.

Eit sentralt mål for planarbeidet må derfor vera å utvikle fleksible ordningar og system gjennom samarbeid mellom utdanningssystemet og kommunesektoren for å utvikle utdanningsløp som er tilpassa kommunane i regionen sitt behov. Kommunesektoren sine behov er meir føreseielege enn næringslivet med konjunkturedringar og det må vera mogeleg å få til ei dimensjonering av utdanningsløpa slik at det er tilstrekkeleg med opplærings – og studieplassar ut frå det kommunane etterspør. Utfordringa er å få til føremålstenlege og fleksible opplegg for kvalifisering og for kommunane å leggje til rette for at arbeidstakarane kan gjennomføre utdanninga. Hovudansvaret for utdanningsforløpa bør likevel liggje til utdanningsinstitusjonane.

Arbeidslivet er i kontinuerleg endring og både kommunesektoren og utdanningssektoren vil ha behov for meir og ny kompetanse for å møte framtidens utfordringar. Det må planleggjast korleis det kan gjennomførast utdanningar meir fleksibelt til dømes ved bruk av desentraliserte tilbod eller e-læring og samlingsbaserte tilbod i regionen Sunnhordland.

Dei unge sine utdanningsval er sentrale for kva for kompetanse som blir tilgjengeleg for arbeidsmarknaden. Stord kommune meiner det i planen er viktig å rette søkjelyset mot forhold som har betydning for kunnskapen dei får om utdannings – og yrkesmogelegheiter og faktorar som har innverknad på vala dei gjer. Val av utdanning skjer ikkje ein gang for alle, derfor vil det også vera naudsynt å få rettleiing og kunnskap om arbeidslivet meir gjennomgåande i heile utdannings- og yrkeskarrieren. Ein betre struktur og samordning av rådgiving/rettleiing bør vurderast i planen.

Stord har eit dynamisk næringsliv som er kjent for høg verdiskaping og nyskaping og med internasjonal orientering. Stord er ein sterk industrikommune basert på skipsfart og leverandørretta offshoreverksemd. Sysselsetjinga i desse næringane svingar

tradisjonelt sterkt med marknaden. Det kan vera ei utfordring å få pålitelege prognosar på kva slags kompetanse og arbeidskraft som kjem til å bli etterspurt dei komande åra nettopp på grunn av konjunkturedringar, endringar i arbeidslivet og usikkerheit i kva utdanningar dei unge kjem til å velja. Det bør vera eit mål for planarbeidet å få utvikle fleksible ordningar og system gjennom samarbeid mellom utdanningssystemet og arbeidsmarknaden som kan handtere slike endringar og samstundes utvikle utdanningsløp som er meir uavhengige av konjunkturar.

Det blir allereie gjort ein stor innsats på Stord både innan utdanningssektoren og i næringslivet for å sikra tilstrekkeleg arbeidskraft med teknisk kompetanse m.m. dette arbeidet bør støttast opp i planprogrammet. Det kan og vera ei utfordring at arbeidsgjevar ikkje alltid har tilstrekkeleg kunnskap om kva kompetanse ulike utdanningar/kandidatar har og kva slags kompetanse som kunne vore nyttig for deira verksemd.

Innan tekniske og maritime fag er søkinga til fagskuleutdanninga god i Hordaland og dei tekniske fagskulane er etterspurt på Stord. Fylkeskommunen har ansvar for fagskulane og dei skal imøtekoma regionale og lokale kompetansebehov. Fagskulane har nær kopling til lokalt relevant næringsliv og leverer kompetanse innan næringar som etterspør utdanninga. I planarbeidet bør det inngå kartlegging av kva som skal til for å betre finansieringsordningane for teknisk fagskuleutdanningar slik at ein kan unngå ufrivillig stagnasjon i tilbodet.

Høgskulen Stord - Haugesund har fått tildelt 30 nye studieplassar som skal brukast til å etablere ei påbygging av teknisk fagskule. Som resultat av eit lokalt samarbeid er finansiering sikra for etablering av ei ingeniørutdanning på Stord gjennom eit lokalt spleiselag mellom offentlege og private aktørar. Undervisningsopplegget er skreddarsydd næringslivet sine behov – den såkalla Stord modellen. Planprogrammet bør støtta opp under arbeidet med utvikling av lokale modellar som bidreg til at utdanningsinstitusjonar og næringsliv kan gjennomføre sine respektive samfunnsmandat.

3. Kva kommunen ønskjer å oppnå med planen

- betre dialog og samarbeid mellom kommunesektoren og utdanningssektoren om etterspørsel og tilbod av kompetanse som grunnlag for dimensjonering av utdanningstilbod regionalt
- betre samarbeid mellom kommunesektoren og utdanningssektoren om gjennomføring av utdanningsopplegg på kommunalt/regionalt nivå
- utvikle og betre kvaliteten på og organiseringa av rådgiving og rettleiing på ulike utdanningsnivå
- leggje til rette for moglegheit for nye val av utdanning

Med helsing

Magnus Mjør
Rådmann

Annlaug Tenold
Personal- og organisasjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift